

# Skipsfarten gassar seg

- Bruken av naturgass tar av til sjøs
- 12 nye gassdrivne skip klar til bruk i 2011



**PIONER:** «Viking Lady er eit forsyningskip som nyttar naturgass som drivstoff og som høyrer til reiarlaget Eidesvik Offshore, sjølve pionerbedrifta på dette området.

I løpet av få sommarveker er det ved norske verft bestilt fire nye forsyningskip med gassmotor. Utrekningar viser at i 2020 kan 30 prosent av alt drivstoff levert til skip i Norge vera miljøvennleg naturgass.

Thomas Førde tekst

**HAUGESUND:** Etter ti år i stampe-sjø ser det endeleg ut til at det har losna for bruken av miljøvennleg drivstoff i skipsfarten.

– I løpet av neste år skal det koma 12 nye gassdrivne skip i norske farvatn, opplyser Geir Høiby, leiar av Næringslivets Nox-fond. Støtteordningar gjennom næringslivets Nox-fond er ein av nøklane til den store endringa.

Nox-fondet kan gi støtte som dekker 75 prosent av meirkostnadene med å installera gassmaskineri i skip. Frå fondet er det innvilga støtte til 22 slike prosjekt, seier Høiby.

**TILRÅR NATURGASS:** Prognosar som Det Norske Veritas og Marintek har laga viser at dersom same støtteregime held fram, vil om lag 30 prosent av alt drivstoff til skip selt i Norge vera naturgass.

Tor Svensen ein av toppsjefane i Det Norske Veritas seier i eit innlegg på selskapet si heimeside at han tilrår reiarlag å gå over til naturgass som drivstoff i nye skip.

– Dermed vil skipsfarten vera i stand til å møte dei nye og strengare utsléppskrav som kjem i mellom anna Nordsjøen og i Austersjøen i 2015 og i 2016. Svensen seier vidare at han er overraska over at ikkje norsk skipsfart har satsa sterkare på naturgass tidlegare.

**STRENGARE KRAV:** Nye utsléppskrav vedtekne av FNs skipsfartsorganisasjon inneber at frå 2015 blir det i lågutsleppsområde som Nordsjøen og Austersjøen berre lov til å ha 0,5 prosent svovelinnhald i drivstoffet. Det tyder at ein må gå over til bruk av naturgass som inneheld null svovel eller installera eksosvaskeanlegg om bord.

Året etter, i 2016 kjem krav om å kutta nær 80 prosent i utsleppa av nitrogenoksidar (NOx) frå skip i dei same havområda. Bruk av naturgass møter desse krava Alternativet er installasjon av katalysator og reinseutstyr.

**GASSPRIS OG AVGIFT:** Frå 1. september blei det i Norge innført 43 øre i CO2-avgift per kubikkmeter brukt naturgass. Men Skipsfarten er unntatte den nye avgifta.

I Europa og i dei fleste andre gassmarknader i verda har prisen gått kraftig ned. Den nye sjefen



**DET HASTAR** med bygging av fleire gasskip, seier Tor Svensen i Det Norske Veritas



**TO NYE:** Reiarlaget Island Offshore har nyleg tinga to slike forsyningskip med gassmaskineri om bord frå verftet STX i Brevik.

for E-On Ruhrgas Klaus Schaefer sa nyleg til Aftenbladet at denne stoda vil vara i minst tre til fem år.

Samtidig er dieselpriisen på veg opp på grunn av aukande etter-spurnad og knapp raffineringsskapasitet.

**MONOPOL:** – I dag er også gassprisen lågare enn dieselpriisen ved norske bunkringsanlegg, seier Jan Fredrik Meling, sjefen for Eidesvik Offshore. Dette reiarlaget med hovudkontor i Bømlo er pioner innan bruken av naturgass som drivstoff. Eidesvik har tre slike skip i bruk og eit under bygging.

– Rønslene er særst gode etter sju år med gassdrift og naturgass er blitt lett tilgjengeleg, seier Meling. Men han legg til at gassprisen i Norge avspeglar at Gasnor har monopol som leverandør.

– Men dette kan bli gledeleg endra når Scangass blir med og gir konkurranse, seier Meling.

Leiv Arne Marhaug, marknadssjef i Gasnor, seier at det er positivt

med konkurranse og auka tilgang på naturgass langs kysten og rundt Nordsjøen. – Dermed vil fleire reiarlag sjå på dette som eit reelt alternativ, seier Marhaug.

## SKIP MED GASSMOTOR

**SKIP I BRUK:** 22

**SKIP UNDER BYGGING:** 12

**FORSYNINGSSKIP:** Fire (Eidesvik har tre, Møkster eit) Fire er under bygging (Island Offshore to, Eidesvik eit og Solstad eit).

**KYSTVAKTSKIP:** Tre.

**PASSASJERFERJER:** Tre i Oslofjorden, drivne av Tide.

**BIL- OG PASSASJERFERJER:** 10 (2 av desse går i Boknafjordsambandet). Fem nye passasjerferjer er under bygging eller i bestilling. Ei ny ferje til Fjord 1 i sambandet over Boknafjorden.

**GASSTANKSKIP:** To som er i bruk.

**LASTESKIP:** Sea Cargo har fleire gassdrivne under bygging.


### VALUTAKURSER

Australske dollar	AUD	5,60	5,60
Danske kr.	DKK	105,97	106,13
Euro	EUR	7,89	7,90
Jap. yen	JPY	7,28	7,33
Kan. dollar	CAD	5,82	5,87
Br. pund	GBP	9,47	9,49
Sveit. francs	CHF	604,85	609,97
Svenske kr.	SEK	84,71	84,79
US dollar	USD	6,15	6,16

### RENTE (Nibor 3 mnd.)




### OLJEPRIS (siste 6 mnd.)



### Børs

#### OSLO BØRS siste 5 dager




#### VINNERE i går

Nio Security	16,10%
Funcom	10,83%
MARITIME INDUSTRIAL SE.	10,00%
Aker BioMarine	10,00%
Navamedic	9,72%

#### TAPERE i går

Norse Energy Corp TR	-28,57%
Solstad Offshore	-6,47%
Hjellegjerde	-4,17%
Ekornes	-4,05%
IGE Resources	-3,23%

#### OSLO BØRS siste 6 mnd.



### INTERNASJONALE BØRSE

Dow Jones (US)	10320,10	(0,49%)	▲
Nasdaq (US)	2200,01	(1,06%)	▲
FTSE 100 (UK)	5371,04	(0,08%)	▲
Dax (DE)	6083,85	(0,00%)	■
Nikkei 225 (JP)	9114,13	(0,57%)	▲

### ROGALANDBØRSEN

Selskap	Oms. siste	Markedsv.
Acta Holding	2,45	630,95
AKVA Group	-	292,79
Bjørge	-	426,03
Comrod Comm.	12,80	250,21
Klepp Spb	71,00	76,43
Kverneland	4,00	617,24
Noreco	12,35	3001,52
Sandnes Spb	91,75	643,08
Scana Ind.	-	1188,95
Seadrill	156,50	64440,94
Solstad Offsh.	108,50	4078,14
Solvang	-	437,28
SpB 1 SR-Bank	49,40	5970,45
Statoil	123,10	391824,58
Tide	-	676,79

©NTB/Reuters

## Sterk avslutning på Oslo Børs

**OSLO:** Bedring i arbeidsmarkedet i USA skapte optimisme, og hovedindeksen endte opp 1,5 prosent til 368,68 poeng. I løpet av uka har dermed hovedindeksen steget med 5,19 prosent. Opera Software ble en av dagens vinnere med en kursoppgang på 6,12 prosent. Blant de mest omsatte aksjene gikk Yara opp solide 4,66 prosent, mens Statoil styrket seg med 1,65 prosent. (NTB)

■ Bruken av naturgass samanlikna med diesel fører til 75 prosent mindre utslepp av NOx, 20 pst mindre CO2 og 100 pst mindre svovelutslepp.